

Årsmelding Eira U.L. lagt fram på årsmøte i 2021

I styret for Eira U.L. har følgjande vore med i 2019 og 2020

Bjørn Magne Øverås	leiar og kasserar
Amanda M. Myrvang	styremedlem
Jan Bjarne Øverås	styremedlem
Gjermund Frisvoll	styremedlem
Monica Reitan	styremedlem
Amanda M. Myrvang	styremedlem

Varafolk:

Annlaug Berge, Terje Frisvoll og Linda Viken

Pandemien med Covid-19 slo inn og stengte Norge 12.mars 2020.

Dermed vart det ikkje halde årsmøte for Eira U.L. i 2020. Men det har vore halde eitt styremøte.

Valget av styret gjort under årsmøtet i 2019 held derfor fram med same medlemmar også i heile 2020. Nytt val kan skje under årsmøtet i 2021. Det same gjeld godkjenning av revidert rekneskap både for 2019 og for 2020.

Aktivitet

17.mai :

Pandemien med Covid-19 gjorde at 17.mai ikkje kunne gjennomførast på tradisjonelt vis. Men det vart ei alternativ 17.mai-markering i Eresfjord. Med bilkortasje i mange forskjellige variantar rundt heile bygda. Godt over 20 køyretøy var med. Folk stod langs vegen og ropte hurra og gratulerer med dagen.

Det starta ved skulen/samfunnshuset der Nettet Musikkorps kom på besøk og slo opp marsjar og avslutta med Ja vi elsker.

Gratis is vart delt ut til alle barn på runden rundt bygda.

Det var også gudsteneste i Sira kyrkje etterpå. Det kom nysnø eit par dagar før, derfor var det mange nybygde snømenn som stod rundt om i hagane til folket i bygda denne dagen.

Som tidlegare år var det Eira Ungdomslag stod som arrangør.

Skogly

På trass av pandemien vart det gjennomført eit stort arbeid med lagshuset Skogly i 2020. Med fullstendig maling av huset utvendig og ny kledning av gavlvegg over inngangspartiet samt utskifting av dårleg og råttan kledning. Det var 20 år sia sist huset vart mala.

Styret har vore orientert om prosjektet via utsendt informasjon i mai og juli. Samt eit eige styremøte 10/7-20.

Det vart inngått avtale med Angvik Grytnes Entreprenør som utførte arbeidet. Arbeidet starta opp i første halvdel av august og stod ferdig i midten av oktober.

Sum kostnad vart vart 468.464,- kroner.

Finansiering via Kraftfondet, koronamidler frå fylkeskommunen og gåve frå Musikklagets Venner. Samt bruk av egne midler. Saksgang, søknader og gjennomføring er dokumentert.

Økonomi

Den store eigenandelen som Eira U.L. brukte til maling og vedlikehald av Skogly gjorde at kassa vart så å seie skrapa tom. Heldigvis kom det inn noen uforutsette inntekter. Det førte til at vi ved årskiftet hadde rundt 80.000,- kroner på kontoen. Viser til rekneskapet for nærmare detaljar.

I 2021 er det 100 år sia Eira U.L. vart stifta. Det må markerast på eit eller anna vis.

Eresfjord 21.mars 2021

For styret i Eira U.L.
Bjørn Magne Øverås